



Førebuingane til nyasfaltering i Halsane var i full gang måndag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen er likevel ikkje gløymt på kommunen sitt asfalteringsprogram! I fjor sommar fekk vi ei gledeleg påminning om dette, då det kom asfalt på dei kommunale vegstumpane bort til den private Geilo og ned til Uskedalen Oppvekstsenter. Og her kjem ein gledesbodskap til: På seinsommaren, truleg i august, skal gatane i Halsabrotet og Halsane nyasfalterast!

Det får uskedalen.no opplyst på kompetent hald i kommunen.

Allereie no, nærare bestemt måndag, er førebuingane i gang. Veg-grøftene blir reinska for vegetasjon, jord og stein og alt lagt til rette for det etterlengta, svarte teppet.

Veteranar i Halsane meiner at asfalten vart lagt på gatene i området i 1979 eller 1980 og så er den blitt lappa ein gong sidan.

-At nyasfalteringa skjer i grevens tid er det ikkje tvil om, for her er det hol i hol eller hump i hump, seier ein av fleire glade oppsitjarar.

Avdelingsingeniør Ivar Kåre Døssland i kommunen opplyser til uskedalen.no at det, som i fjor og året før, står rundt 2,5 millionar til disposisjon på kommunen sitt asfalteringsprogram.

Av Ola Matti Mathisen